



Skarsvåg Rør og Interiør AS
Melandsvegen 15
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1313 - 18/21070

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

09.11.2018

Godkjenning - tilkopling av bustad til kommunalt vassanlegg GBNR 52/17

Administrativt vedtak. Saknr: 260/2018

Tiltakshavar: Rolf Svendsen og Monica Østereng

Ansvarleg søkjar: Skarsvåg Rør og Interiør AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om tilknytning av bustad på gbnr 52/17 til kommunalt vatn, motteke 28.09.18.

Situasjonskart med vist leidningen vart motteke 08.11.18.

Vassleidning vart lagt over fylkesveg FV 249 Skjelangervegen og over anna manns grunn på Gbnr 52/7 etter samtykke frå grunneigar Rune Nilsen. Det er innhenta naudsynt samtykke frå grunneigar av gbnr 52/7, datert 11.09.18.

Det er innhenta godkjenning frå Statens vegvesen for graving og kryssing av fylkesveg FV249 Skjelangervegen, datert 03.09.18.

Det vert elles vist til søknad, motteke 28.09.18 og situasjonsplan motteke 08.11.18.

Plassering

Plassering av leidningar er vist i situasjonskart motteke 08.11.18.

Nabovarsel

Utsleppet er ikkje nabovarsla særskild. Det ligg samtykket frå eigar som vert råka av tiltaket i saken. Det ligg føre godkjenning av graving og kryssing av offentleg veg frå Statens vegvesen. Kommunen vurderer det slik at tiltaket krev ikkje ytterlig nabovarsel.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 28.09.2018.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhold av plan- og bygningslova § 20-1 at bustad på gbnr 52/17 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 28.09.2018 og situasjonskart som viser leidning, motteke 08.11.18 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.
- Vilkår i godkjenning frå Statens vegvesen datert 03.09.18 skal stettast.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1313 DS 260/2018

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Søknad om tilkopling til VA-anlegg GBNR 52/17

Søknad om tilkobling til off.vant - september 2018

Off. vann - Statens vegvesen godkjenning ref. 18-184845

Kopi til:

Monica Østereng	Skjelangervegen 5917 554	ROSSLAND
-----------------	-----------------------------	----------

Mottakrar:

Skarsvåg Rør og Interiør AS	Melandsvegen 15 5918	FREKHAUG
-----------------------------	----------------------	----------